



Nye Sogndal kommune

Sakshandsamar:

Jarle Aarvoll

Tlf: 57 62 96 09

Vår ref.

18/1185-4

Arkiv

034 &13

Dykkar ref.

Det kongelege kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

Dato

18.04.2018

0032 OSLO

Nye oppgåver til fylkeskommunane

Melding om vedtak

Fellesnemnda handsama saka i møte 05.04.2018 sak 8/18, og gjorde slikt vedtak:

1. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast som regional samfunnsutviklar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale demokratiet. Samstundes vil ei slik overføring av oppgåver til regional folkevalt nivå styrke kommunane sitt høve til å påverke saker som vedkjem kommunane innanfor den nye oppgåveporteføljen.
3. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune føreset at Stortinget gjer ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag og handsamar dette som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Fellesnemnda støttar ei nærmare utgreiing av eigarskap og org. form for sjukehusa.
5. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune meiner at allereie desentraliserte oppgåver primært skal vere lokalisert der dei er i dag.
6. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, også oppgåver som krev regional samordning og som elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar i Fellesnemnda
Nye Sogndal kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

